



Hammar-Kameratane As
Hella 60
5936 MANGER

Referanser:
Dykkar: Marius Tenden
Vår: 23/2818 - 23/32333

Saksbehandlar:
Linda Hammersvik Folkestad
linda.folkestad@alver.kommune.no

Dato:
28.04.2023

Svar på søknad om dispensasjon for avstand til kommunal VA - gbnr 425/59 Haugland

Tiltak: Dispensasjon frå avstandskrav til offentleg leidningsnett
Byggjestad: Bøtjørnvegen 142 – Gbnr 425/59
Tiltakshavar: Sebastian Sylta Paulsen
Ansvarleg søkjar: Hammar-Kameratane As

Saka gjeld søknad om dispensasjon frå avstandskrav til offentleg leidningsnett for oppsetting av garasje.

Sakutgreiing:



Informasjon om saka:

Det søkjast om dispensasjon frå avstandskrav på 4 meter frå kommunalt leidningsnett. Tiltakshavar ynskjer å byggje garasje med avstand på 2,7 meter til næraste leidning. Stadlege forhold gjer det umogleg å trekke garasjen lenger vekk frå kommunal veg. Bustaden blokkerer mot sør, avkøyrsla mot aust og høgda gjer det ikkje mogleg mot vest.

Vurdering/drøfting:

Den kommunale køyrevegen går over i ei gangveg. Bustadområdet ligg innanfor ei 30 sone. Krav til sikt i avkøyrslar i 30 sone er minimum 3 x 20 meter.

Ansvarleg søkjar har vist at garasje skal fundamentast under botn kommunalt leidningsnett slik at det ikkje er fare for setningsskader på bygg ved arbeid på kommunalt leidningsnett.



Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug
Innbyggjarservice: +47 56 37 50
00

post@alver.kommune.no
www.alver.kommune.no

Kontonummer: 3207 29 30559
Organisasjonsnummer: 920 290 922

Samandrag/konklusjon:

Alver kommune ved Samferdsel, veg-, vatn- og avløp forvaltning har vurdert søknaden og finn det forsvarleg å gje dispensasjon frå avstandskrav til offentleg leidningsnett på vilkår.

Vedtak:

Med heimel i «Standard abonnementsvilkår for vann og avløp - Adm. Bestemmelsen» pkt. 3.4 gjev Samferdsel, veg-, vatn- og avløp forvaltning dispensasjon frå avstandskrav til offentleg leidningsnett på vilkår.

Dispensasjonen vert gitt på følgjande vilkår:

- Vi gjer merksam på at plassering av kommunalt leidningsnett er orienterande. Nøyaktig plassering må avdekkast. Det må òg , i god tid før oppstart av arbeid, leggjast ei plan i lag med VA drift.
- Minste avstand mellom tiltak og næraste del av kommunalt leidningsnett skal være minimum **2,7 meter** som om søkt. Tiltak skal elles være plassert slik at tekniske krav til avkøyrsløse, sikt og krav om at ein skal snu på eigen grunn vert stetta.
- Tiltak skal være forsvarleg fundamentert. Tiltak skal fundamentast under botn leidningsnett som vist i søknad.
- Ei føresetnad for løyve, er at andre nødvendige løyver ligg føre.
- Alver kommune frå seier seg alt ansvar for skader som oppstår på tiltak som er plassert i byggegrense mot veg og nærare offentleg leidningsnett enn avstandskrav på 4.0 meter. Dersom det under drift og vedlikehald av kommunalteknisk anlegg (veg, vatn og avløp) oppstår skade på tiltaket, er dette kommunen uvedkommande. Eigar av tiltak skal sjølv sørge for og påkoste utbetring av eventuelle skader.

Vi gjer merksam på at tiltaket kan være søknadspliktig etter plan og bygningslova.

Det er med heimel i «Standard abonnementsvilkår for vann og avløp – Adm. bestemmelsen» pkt. 3.4 at Samferdsel, veg-, vatn- og avløp forvaltning gir dispensasjon frå avstandskrav til kommunalt leidningsnett på vilkår.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl) jf. veglova § 11. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegasjonsreglement

Med helsing

Alver kommune Samferdsel, veg-, vatn-
avløp-forvaltning

Torkjell Holm Brenna
Avdelingsleiar

Linda Hammersvik Folkestad
Ingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Bøtjørnvegen 142

Bøtjørnvegen 142 5937

Bøvågen

Mottakarar:

Hammar-Kameratane As

Hella 60

5936

MANGER